

## Ny klatrerute i veggen

11.03.2013



**Klatregruppa som har Thomas F. Eide som leiar vil framover jobba med å få opp ei ny klatrerute i veggen i Aktivitetshuset, Ruta vil gå på sida av overhenget mot skulen, Det krev ein del forsterkingar i plateskjøtane.**

Sist haust var veggen open kvar sundag frå klokka 16 til 18 og det er svært positive tilbakemeldingar frå dei som nyttar han.

Oppmøtet har variert men til tider har det vore bra. Kvar sundag har det vore 5 personar i snitt. Eitpar helgar har veggen vore lånt ut til personar med klatrebakgrunn og brattkort Gruppa har kjøpt inn 2 selar og nye tak til den mest krevjande ruta.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen